



Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skolane



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald	
§ 1 Formål.....	3
§ 2 Virkeområde.....	3
§ 3 Rettane til elevane.....	3
HMS-kartlegging.....	3
Elevundersøkinga.....	3
Undervisningsevaluering.....	3
Rett til informasjon.....	4
§ 4 Skolemiljø:.....	4
§ 5 Pliktane til elevane:.....	4
§ 6 Orden.....	5
§ 7 Åtferd.....	5
§ 8 Sanksjonar.....	6
Refsingstiltak utan klagerett:.....	7
8.11. Følgjande refsingstiltak er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:	7
§ 9 Saksbehandling ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett	7
Klagebehandlinga.....	8
Klageinstansane er:.....	8
§ 10 Tillegg til ordensreglementet.....	8
Vedlegg:.....	8

Vedteke av Fylkesutdanningssjefen 18.6.2020 jmf vedtak i Fylkestinget T-44/20

Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal fylkeskommune

§ 1 Formål

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd.

Formålet med ordensreglementet er å skape samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle i skolesamfunnet og legge grunnlaget for vurdering i orden og åtferd.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte.

Reglementet skal innehalde reglar om orden og åtferd, reglar om kva for tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal handsamast.

§ 2 Virkeområde

Reglementet gjeld for alle elevar ved skolen. Reglementet gjeld i timane, i friminutta og på veg til og frå skolen.

Reglementet gjeld også ved opplæring og aktivitetar som vert gitt av skolen utanfor skolen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod.

Elevane i vidaregåande opplæring har fastsette rettar og plikter etter opplæringslova og forskrifta til opplæringslova.

Ordensreglementet gjeld i tillegg til desse rettane og pliktene.

§ 3 Rettane til elevane

Elevane har rett til medverknad i saker som vedkjem miljøet på skolen.

HMS-kartlegging

Alle skolane skal kvart år legge fram resultatata frå den årlege HMS-kartlegginga til behandling både i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval.

Elevundersøkinga

Alle skolane skal kvart år gjennomføre elevundersøkinga og legge fram resultatata til behandling både i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval.

Undervisningsevaluering

Alle skolane skal kvart år gjennomføre minst ei undervisningsevaluering og leiinga skal legge fram hovudresultata til skolen til behandling både i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval. Med hovudresultat legg ein til grunn ei samla vurdering av skolen.

Gjennomføring av undervisningsevalueringa skal drøftast med elevrådet.

Rett til informasjon

Elevar som deltek i behandling av skolemiljøsaker, har rett til tilgang til den informasjon som er nødvendig for å utføre oppdraget. Denne retten til informasjon gjeld ikkje tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslov § 13.

Elevar som deltek i behandling av skolemiljøsaker, skal ikkje vere tilstades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslov §13.

Elevane har rett til opplæring i skolemiljøarbeid og rett til nødvendig fritak frå undervisningstimar for å utføre oppgåvene slikt arbeid medfører.

§ 4 Skolemiljø:

4.1.	Elevane har rett på eit godt og trygt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Elevane har rett på eit læringsmiljø fritt for vald, tjuveri, mobbing, hærverk, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd.
4.2.	Det er forbode å ha farlege gjenstandar og våpen på skolen sitt område eller ved aktivitet i regi av skolen.
4.3.	Elevane har rett på eit rusfritt skolemiljø. Det er ikkje tillate å vere påverka av, bruke eller oppbevare noka form for rusmiddel på skolen sitt område eller ved aktivitet i regi av skolen.
4.4.	Elevane har rett på eit tobakksfritt skolemiljø. Det er ikkje tillate å bruke tobakk, snus og e-sigarettar i skoletida eller ved aktivitet i regi av skolen.
4.5.	Elevar skal ikkje bruke klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet.

§ 5 Pliktane til elevane:

5.1.	Elevane skal ikkje forstyrre undervisninga og/eller vurderingssituasjonar.
5.2.	Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruksar som gjeld.
5.3.	Elevane skal møte dei tilsette og medelevane sine med respekt.
5.4.	Elevane skal varsle om mobbing som dei observerer.
5.5.	Elevane er pliktige til å møte presis til opplæringa og delta aktivt.
5.6.	Elevane skal snarast mogleg ta kontakt med faglærer for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgast opp dersom dei ikkje kan følge opp arbeid til avtalt tid.
5.7.	Elevane må oppdatere seg om læringsarbeidet som er gjennomført i periodar dei ikkje har vore på skolen.
5.8.	Elevane skal melde frå om fråvær frå første fråværsdag. Likeeins dersom dei må forlate opplæringa i løpet av skoledagen. Feriereiser skal reknast som fråvær og kan ikkje avtalast som organisert studiearbeid etter forskrifta §3-45 (Sjå fråværsreglementet).
5.9.	Det er læraren som bestemmer kva, korleis og når utstyr skal brukast i opplæringa.
5.10.	Læremiddel og utstyr som tilhøyrrer skolen og skolen sin eigedom elles skal brukast med omtanke. Hærverk og skade fører mellom anna til erstatningsansvar, mf. Skadeerstatningslova (Sjå utlånsreglement).
5.11.	Elevane skal som brukarar av skolebiblioteket følgje utlånsreglane (Sjå utlånsreglement).

5.12.	Elevane har sjølve ansvaret for sine personlege eigedelar.
5.13.	Til grunn for bruk av PC i skolen er det fastsett eit eige IKT-reglement som gjeld elevar ved dei vidaregåande skolane (Sjå IKT-reglement).
5.14.	Det er elevane sitt ansvar at PC/MAC fungerer som den skal og kan brukast på det trådlause nettet til skolen.
5.15.	Når elevane brukar Internet skal dei følgje nettvett- og IKT-reglementet til skolen.
5.16.	Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidskleda og verneutstyret som det vert sett krav om og/eller som er påbode av Arbeidstilsynet, departementet eller skolen.
5.17.	Juks eller forsøk på juks på vurderingssituasjonen kan få konsekvensar for karakteren i åtferd. Ein annan konsekvens av å jukse er at arbeidet ikkje blir vurdert. Elevane skal ha høve til å uttale seg til rektor før det vert teke avgjerd i saka. Det skal skillast mellom juks og plagiat. Plagiat kan føre til låg måloppnåing på den konkrete vurderingssituasjonen.
5.18.	For eksamen gjeld reglane i forskrifta § 3-33 om bortvisning og § 3-34 om juks/forsøk på juks.
5.19.	Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i regi av skolen, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane. Tidsrommet mellom avreise og heimkomst er å sjå på som skoletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal ta del i det oppsette programmet for turen. Brot på ordensreglane Brot på ordensreglane ved ekskursjonar og reiser i regi av skolen kan i grove enkelttilfelle føre til heimsending. Før det blir gjort vedtak om heimsending skal rektor og foreldra kontaktast. Eventuelle lokalgitte reglar kjem i tillegg, og sanksjonar må vere heimla i det overordna ordensreglementet.

§ 6 Orden

Elevar skal ha god orden.

Eksempel på god orden er å:

1. Møte presis på skolen og til undervisninga
2. Ha med nødvendige læremiddel og utstyr til undervisningsøktene, og å halde det i orden
3. Gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid
4. Halde det ryddig på arbeidsplass og skoleområdet elles

§ 7 Åtferd

Elevane skal ha god oppførsel.

Eksempel på god oppførsel er å:

1. Vere på skolen og delta i undervisninga heile skoledagen
2. Vise respekt og vere høflege mot kvarandre
3. Vise respekt for eigedelane til skolen og andre

Eksempel på kva som ikkje er god oppførsel er å:

1. Forstyrre undervisninga
2. Banne eller bruka anna grovt språk
3. Mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt
4. Vere valdeleg eller kome med truslar

5. Røyke, snuse eller vere påverka av rusmiddel
6. Ha med farlege gjenstandar eller våpen på skolen sitt område
7. Fuske eller forsøke å fuske i vurderingssituasjonar

§ 8 Sanksjonar

Elevane som bryt reglane i § 4, § 5, § 6 eller § 7, kan refsast etter reglane i paragrafen her.

Andre refsingstiltak enn det som går fram av paragrafen her, kan ikkje nyttast.

Det er ikkje lov å bruke fysisk makt. Nødrett og nødverje gir likevel ein viss rett for personalet på skolen til å gripe inn med fysisk makt for å stoppe basketak og slåssing mellom elevar.

Personalet kan også verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf §§ 17 og 18 i straffelova. Det kan difor, utifrå forholda, vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skader seg sjølv eller andre, eller skader eigedomen til skolen eller andre.

I tillegg vil personalet på skolen ha plikt til å ha omsorg for elevane, og for å hindre krenkingar. I enkelte situasjonar vil tilsette difor ikkje berre ha rett, men også plikt til å gripe inn i situasjonar der elevar er truga. Dette følgjer av opplæringslova § 9 A-4, første ledd. Ei slik plikt til å gripe inn oppstår ikkje dersom det å gripe inn medfører fare for helsa til den tilsette.

Det er ikkje lov å refse ei gruppe kollektivt for noko enkeltelevar har gjort seg skuldige i.

I tillegg til refsingstiltaka kan det bli nødvendig å sette inn tilleggstiltak som for eksempel:

- Ved skade eller tilgrising på skolen sin eigendom kan fylkeskommunen krevje istandsetting
- Elevar kan få anledning til å utbetre skadane sjølv dersom dette er hensiktsmessig.
- Elevar som har gjort hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på regelverket (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande).
- Elevar kan bli erstatningsansvarlege etter dei vanlege erstatningsrettlege reglane.

Refsingstiltak utan klagerett:

8.1.	Munnleg eller skriftleg påtale frå ein av dei tilsette ved skolen.
8.2.	Ordens- og åtferdsmerknader.
8.3.	Gjenstandar som blir brukte til å forstyrre undervisninga kan beslagleggast (Beslaglagde gjenstandar skal leverast tilbake til eleven).
8.4.	Ulovlege og/eller farlege gjenstandar skal beslagleggast og kan overleverast til politiet.
8.5.	Rusmiddel vert beslaglagt og narkotika blir overlevert til politiet.
8.6.	Mobiltelefon, sigarettar, snus el.l. kan inndragast som ein sanksjon, eller som eit ordensmessig tiltak etter ei åtvaring.
8.7.	Rektor kan delegere til faglærar å utvise inntil 2 klokketimar. Ved slik bortvising har skolen framleis tilsynsansvar for eleven.
8.8.	Kontakt med heimen og involvering av føresettt for elevar som er under 18 år.

8.10. Følgjande refsingstiltak er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:

8.10.1.	Annullering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
8.10.2.	Bortvising frå eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
8.10.3.	Bortvising frå ein heil skoledag – og inntil fem skoledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv.
8.10.4.	Vedtaka fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdannings sjefen om pålagt skifte av skole etter sak om vald eller mobbing.
8.10.5.	Elevar som bryt ordensreglementet i alvorleg grad eller fleire gonger, kan visast bort for resten av skoleåret dersom brota er særleg alvorlege. Vedtak om bortvising for resten av skoleåret blir fatta av fylkesutdannings sjefen jfr oppl. § 9 A-11,2. og 3.ledd.
8.10.6.	Nedsett halvårsvurdering med karakter i orden eller åtferd, som sanksjon for særleg kritikkverdig eller grov enkelthending.
8.10.7.	Nedsett standpunktkarakter i orden eller åtferd, som sanksjon for særleg kritikkverdig eller grov enkelthending.
8.10.8.	Heimsending frå ekskursjonar.
8.10.9.	Bortvising frå resten av skoledagen etter vedtak fatta av rektor.

§ 9 Saksbehandling ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett

- Før det blir sett i verk sanksjonar skal eleven få høve til å forklare seg munnleg direkte for den som skal ta avgjerda.
- Avgjerd som gjeld sanksjonar etter 8.10 skal vere skriftleg og innehalde grunngiving for vedtaket. I grunngivinga skal det gjerast greie for dei faktiske forholda som vedtaket bygger på, og kva reglar som er nytta. I vedtaket skal det opplysast om klagerett, klagefrist, klageinstans og om retten til å sjå dokumenta i saka.
- Klage kan vere munnleg. Skolen skal i tilfelle skrive ned klaga så snart som mogleg.
- Klage fører ikkje automatisk til at vedtaket ikkje kan setjast i verk med ein gong. Eleven skal informerast om at det er mogleg å be om å få utsett iverksetting av vedtaket inntil klaga er avgjort. Dette er aktuelt for vedtak om utvisning, flytting til anna skole.
- Sanksjonar som ikkje kan påklagast, skal skriftleggjerast i tråd med krava til forsvarleg system.

- Føresette til umyndige elevar skal informerast om at skolen har bestemt iverksetting av reaksjon og om hendinga som ligg til grunn for sanksjonen.

Klagebehandlinga

Klaga skal leverast til den som har fatta vedtaket som det blir klaga på.

Den som har fatta vedtaket vurderer klaga og tek stilling til utsett iverksetting dersom det er bede om dette i klaga. Den som har fatta vedtaket kan ta klaga til følge. Dersom klaga ikkje blir teke til følge, skal saka sendast til klageinstansen til endeleg avgjerd. Saker som skal behandlast i klagenemnda skal sendast til juridisk avdeling, som er sekretariat for klagenemnda.

Klageinstansane er:

Klagenemnda i Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Bortvisning frå undervisninga i inntil 5 dagar
- Bortvisning for resten av skoleåret
- Heimsending frå ekskursjonar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

- Bortvisning frå eksamen
- Annullering av eksamen
- Skifte av skole

Vedtak om nedsett standpunktkarakter i orden eller åtferd kan påklagast etter reglane i forskrift til opplæringslova kap. 5.

Ved oversending av klagesaka til klageinstansen, skal eleven har kopi av saksdokumenta og oversendingsbrevet.

§ 10 Tillegg til ordensreglementet

I tillegg til ordensreglementet er det fastsatt:

- IKT-reglement
- Utlånsreglement
- Fråværsreglement

For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordensreglementet eller andre felles reglar som alt er gitt av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar etter behandling i skoleutval og elevrådet. Desse kan ikkje vere i staden for, eller i strid med reglementa.

Dette kan for eksempel gjelde:

- Ekskursjonsreglement.
- Reglar for kantina.
- Internatreglement.
- Reglar for skolekjøkken og verkstader.
- Ordensteneste.
- Reglar for skoleavisa.
- Eventuelle andre spesielle forhold.

Vedlegg:

- Fråværsreglement
- IKT-reglement
- Utlånsreglement



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no